

Innvik 15/1 2010.

Til
Landbruks og matdepartementet.

Svar på høringsbrev om tap ved angrep av rognebærmøll.

Mangel på plantevernmidler for å kontrollere eit angrep av rognebærmøll er ei stor utfordring i fruktmiljøet.

Det er ikkje på noko måte ynskje frå produsenthald at eit tilskudd skal kompensere for manglande plantevern. Ynskje frå produsent er at her skal vere eit godkjent middel for å kontrollere slike angrep.

Næringa vill få eit stort problem i omsetning om her vert marknadsført epler angrepne an rognebærmøll.

Grosistane legg stor vekt på sikker og jamn levering og om dette skulle bli ein jojo produksjon så fryktar vi for heile den Norske frukt produksjonen.

Økonomien i den Norske fruktproduksjonen ligg heilt på smartegrensa og kan ikkje akseptere ei delvis erstatning. Om her blir eit økonomisk tap for produsentane fryktar vi ei avvikling av ein allereide pressa produksjon.

Eit tilskudd til næringa må ligge så høgt at produsenten ikkje vert skadelidande om eit slikt angrep ikkje let seg kontrollere.

Ved eit stort angrep av rognebærmøll må vi ansjå heile avlinga som tapt då det ikkje let seg gjere å pakke denne frukta med 100% sikkerheit for at enkelt epler ikkje kjem med i ferdigpakka vare.

Her er heller ikkje noko motak av epler til industri som står klar til å ta mot 12000 t epler. Normalt går max 20% av produksjonen til Industri så resterande 80% kan ein ikkje sjå at ein kan få betalt frå Industrien og må såleis medreknast i tilskuddet.

Tilskudd må såleis ligg slik at ein får dekka 100% av tapt avling for å tryggja den norske fruktproduksjonen.

Med helsing
Innvik Fruktlager
Svein Kvame

